




Kultur

06.05.2010

- Eigensensur truar ytringsfridomen



Dario Fo er noregsaktuell med sosial kritikk av familien.

Foto: Poppe, Cornelius/Scanspix

Dramatikaren Dario Fo meiner at å leggje band på seg sjølv, er skumlare enn sensuren som kjem ovanfrå.

PERNILLE AMDAHL
pernille.amdahl@nrk.no

MALIN OLIVIA DAHLBERG
malin.olivia.dahlberg@nrk.no

Publisert 05.05.2010 17:24.

Den 84-årige teaterlegenda Dario Fo har ingen planar om å slutte som samfunnskritikar.

— **Å leggje band på seg sjølv, og kva ein seier, er vår tids skumlaste form for sensur, meiner dramatikaren og skodespelaren Dario Fo som har kome til Noreg for å sjå premieren eit av stykka sine, «Ekteskap på vidt gap».**

Sjølv har den politisk engasjerte teaterlegenda blitt sensurert og stansa fleire gonger. Dette hindrar han likevel ikkje i å halde fram med å arbeide med teater.

Kritikk av familien

No er Dario Fo noregsaktuell med oppsetjinga av «Ekteskap på vidt gap» på Nationaltheatret og Nordland Teater. Stykket tek føre seg korleis det er å leve i eit ope forhold, med Anne Krigsvoll og Reidar Sørensen i hovudrollene. Komedien skreiv nobelprisvinnaren Dario Fo saman med kona Franca Rame i 1983, inspirert av deira eige ekteskap.

Dramatikarane meiner stykket er ein sosial kritikk av familien.



Anne Krigsvoll og Reidar Sørensen spelar hovudrollene i «Ekteskap på vidt gap».

Foto: Poppe, Cornelius/Scanspix

— I Italia har berre mannen kunne vere utru. Ekteskapet har berre tålt ei opa side. Hadde begge sider vært opne, hadde det vorte gjennomtrekk, seier Franca Rame.

Eigensensur større fare

Det politiske engasjementet har ført ekteparet ut i problemer som utesetning og sensur, og Franca Rame har til og med vorte kidnappa. På spørsmål om ytringsfridomen no vert betre, eller om den går tilbake har Dario Fo følgjande svar.

— Ytringsfridomen er på veg tilbake, seier Dario Fo.



Dario Fo og Franca Rame har eit stort politisk engasjement.

Foto: Poppe, Cornelius/Scapix

Men han synest sensuren ein legg på seg sjølv er ein større fare enn den som kjem ovanfrå.

— Intellektuelle unngår det ubehagelege når dei lèt vere å bruke makta dei har til å ytre seg mot det som er kritikkverdig, seier Fo.

Solidariteten driv han vidare

Sjølv meiner han at han berre har vorte meir aktiv og modig etter at han fekk nobelprisen i litteratur i 1997.

— Vi opplever at arbeidet er nyttig og vert oppringt frå folk når det er streik, eller problemer i skoler eller noe annet.

Trass i at han kunne ha vore pensjonist for lenge sidan, held han difor fram.

— Det er solidariteten frå folk rundt oss som driv oss vidare.

Kommentarer (0)

Vær den første til å kommentere denne artikkelen.

Opphavsrett NRK © 2010

Nettsjef: Sindre Østgård

Ansvarlig redaktør: Hans-Tore Bjerkaas

Tips NRK

Kontakt NRK

Om NRK

Hjelp